



Heldigvis vart det ikkje skader på korkje menneske eller dyr då ein lastebil frå Cirkus Arnardo undervegs til Uskedalen søndag førermiddag hamna i grøfta nord for Hellesøy Verft ved Løfallstrand. Sirkuset var på veg frå Sauda og skal ha ein kviledag i Uskedalen før framsyninga måndag kveld.

Ein personbil kom i stor fart i mot og Arnardo-sjåføren la bilen så langt ut til høgre som mogeleg for å unngå kollisjon. Då svikta vegkanten. Føraren fekk trekkvogna på vegen att, men tilhengjaren gjekk rundt og vart liggjande i skråninga nedanfor vegen. Tilhengjaren vart ikkje trukke opp att før utpå ettermiddagen, då det hadde gått fem timar.

(Foto: Kvinnheringen)